



Villreinutvalet for Nordfjella

Aurland, den 22.5.09

NVE, Konesjonsavdelinga
Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

Merknader til konsesjonssøknad for bygging av Gravdalen Kraftverk og framføring av kraftlinje

Villreinutvalet for Nordfjella villreinområde har motteke konsesjonssøknad om bygging av Gravdalen kraftverk med linjeframføring. Villreinutvalet gav i brev av 26/6 – 07 innspel på meldinga om utbygging av same prosjekt.

Følgjande uttale vart vedteken på villreinutvalet sitt styremøte den 22.5.09:

Gjennom merkeprosjektet til NINA som har pågått sidan mars 2007 får ein dokumentert kor viktig trekk-, beite- og kalvingsområde dette er for villreinstamma, spesielt på våren og tidleg sommar. Trekket mellom Gravdalen og Vadhaugane går rett forbi der kraftstasjonen er tenkt bygd (sjå kartvedlegg - (månadsutskrifter frå merkeprosjektet). Faktum er at dette trekkområdet er det desidert mest nytta på nordsida av for Kvevassmagasinet, særleg i månadene før,- under og etter kalving. Kanskje har dette samband med tidleg snøfrie område, og dermed lett tilgjengelege beite, i områda Gravdalsbakkane – Nålekvebotn – Rossenosi. Områda lenger inne mot Kvevotni ligg høgare oppe, og har dermed større snømengder og mindre tilgjengelege beite på denne tida.

Sommarstid, når alle reguleringsmagasin er isfrie, er det p.g.a. tidlegare vassdragsreguleringar ikkje så mange attverande trekkveggar for villrein aust – vest i Nordfjella. Nyhellermagasinet i Aurland/Hol stengjer tidlegare viktige trekk, og det same er tilfelle med Kvevassmagasinet. Utanom det smale trekkområdet mellom desse to magasinane er det trekkvegane nord for Kvevassmagasinet som vert brukte, og då først og fremst i området Gravdalen – Vadhaugane. Ei eventuell ny kraftutbygging i dette området må difor sjåast i samband med tidlegare utførde inngrep i villreinområdet, og dei samla skadeverknadene av desse må sjåast under eitt.

I ovanfor nemnde brev la villreinutvalet fram forslag om å flytta kraftstasjon frå Gravdalen til Øydalen, då dette vert i "ein utkant" i villreinområdet, og ville blitt mindre konfliktfylt enn Gravdalen.

I konsesjonssøknaden er dette forslaget forkasta med grunngjeving i for høg utbyggingspris.

Etter vår meining burde dette alternativet også blitt meir belyst utifrå omsynet til m.a. villrein. Her ville ein unngått å koma direkte inn i det sentrale trekket som går gjennom Gravdalen. Ved å leggja kabel frå stasjonen og eit stykke nedover Øydalen ville ein få vekk alternativa som inneber linjeføring i luftspenn.

Villreinutvalet for Nordfjella
Leiar Lars Nesse
6888 Borgund
Tlf: 57 66 81 11/90679263
larsnesse@alb.no

Dei skisserte alternativa for linjeføring T2 og T3 vil innebera så store inngrep i villreinområdet at dei ikkje kan akseptast, dersom ein meiner noko med at det skal takast omsyn til villreinen. Når det gjeld alternativ T1 er det ikkje sagt noko i konsesjonssøknaden om dette alternativet er reelt, d.v.s. om det kan godtakast av forsvaret, som har sterke interesser i dalføret nedover mot Øyradalen.

Overordna målsetjingar

Villrein er ein art som Noreg har eit spesielt ansvar for å ta vare på. Nordfjella er gjennom prosjektet "Villrein og samfunn" definert som eitt av ni nasjonale villreinområde, og som del av den eine av to europeiske villreinregionar (den sør-norske villreinregionen). Dette er stadfesta i stortingsmelding nr. 21/ 2004-2005. På regionalt/kommunalt nivå er villreinområdet, medrekna aktuelt utbyggingsområde i Gravidalen, definert som LNF-Villreinområde i kommunedelplanen for villrein, som er vedteken i alle kommunane i Nordfjella. Kommunedelplanen slær fast at innan planområdet skal omsynet til villreinen vera tungtvegande i alle areal- og inngrepssaker. Det er ein mangel ved konsesjonssøknaden at dette ikkje er medteke under kapittel 4.4: "Forholdet til lokale, regionale og nasjonale planar" på side 20.

Ein er i startfasen av arbeidet med ein fylkesdelplan for villrein, gjeldande for heile Nordfjella villreinområde. Denne skal utarbeidast av Sogn og Fjordane fylkeskommune, og vil truleg vera klar i 2012.

Konsekvensutgreiinga for villrein

Fagrapporten har gått grundig inn i problemstillingane, både med bruk av eksisterande litteratur og innsamling av lokal kunnskap. Villreinutvalet er stort sett samd i vurderingane og konklusjonane i denne rapporten, trass i nokre faktiske feil som har mindre å bety i denne samanhengen. (På s. 24 vert auka sauenering rekna med som ein negativ faktor for villrein - sauetalet i områda har nok heller gått nedover dei siste åra. På s. 25 står det at det er usikkert om villreinen sør for rv. 50 er dyr frå Hardangervidda eller frå Nordfjella. Det er vel ingen tvil om at dette er Nordfjelladyr). Dette er å rekna som smårusk i ein elles grundig og god rapport.

Når det gjeld verdivurderinga i tabellen på s. 33, vil me peika på at området der dei planlagde inngrepa skal skje utan tvil har svært stor verdi for villreinstamma, uansett kva utbyggingsalternativ som vert vurdert (jfr. det som er skrive ovanfor, og kartutskriftene som viser reinen sin bruk av området i vårmånadene dei siste åra.

Det vert antyda at reinsdyra kan ha vandt seg til smella frå forsvaret sitt demoleringsfelt i dalføret nedanfor, og dermed kanskje lettare vil kunna leva med sprenging og bråk frå anleggsarbeid i Gravidalen. Saka kan og sjåast på ein annan måte: Meir sprenging og uro høgare oppe i terrenget kan verta den tilleggsbelastninga som gjer at dyra unngår området heilt i anleggstida.

Nullalternativet, med NVE-pålagt oppgradering av demningen ved Kvevatnet, er alvorleg nok i seg sjølv, med omfattande anleggsarbeid i tre sommarsesongar. Dette vil likevel i hovudsak medføra uro i nærområda til demningen, mindre i området Gravidalen. Med omfattande anleggsarbeid i Gravidalen i tillegg, vil dette i praksis kunna fortregja reinsflokkane frå heile dalføret i den tida anlegget pågår.

Villreinutvalet for Nordfjella
Leiar Lars Nesse
6888 Borgund
Tlf: 57 66 81 11/90679263
larsnesse@alb.no

Villreinutvalet sin konklusjon:

Dei store vassdragsreguleringane som har skjedd i Nordfjella dei siste 50-60 åra har ført til store endringar i negativ retning for villreinstamma. Ikkje minst gjeld dette Østfold Energi si utbygging i Lærdalsfjella og Hemsedal, og E-co Vannkraft sine reguleringar i Aurland, Hol og Ål. Sett i lys av dette, må ein vera ekstra varsam med å gjera inngrep i det som er att av relativt urørte leveområde og trekkområde for villrein. Med omfattande anleggsverksemd i Gravdalen, kraftlinebygging vidare nedover i dalføret og samstundes stor anleggsaktivitet ved demningen på Kvevatnet, er det stor fare for at villreinen vil trekkja unna desse områda i anleggstida. Det er og ein risiko for at reinsflokkane til ein viss grad vil sky området dei første åra etter at anlegget er avslutta. Auka aktivitet i samband med tilsyn og drift etter at anleggstida er over vil og vera uheldig, sett i høve til det som er dagens situasjon, som er nærast fullstendig ro i dei 8-9 månadene av året som vegen inn til Kvevatni er stengd.

Ut frå dette, meiner villreinutvalet at NVE ikkje bør gje konsesjon for Gravdalen kraftverk.

NVE bør og vurdere søknaden opp mot fylkesplanen for villrein som er under oppstart, og i samband med at konsesjonsvilkåra for Østfold Energi si samla vassdragsutbygging i Lærdal/Borgund skal opp til revisjon i 2016.

Dersom det skulle bli gitt konsesjon til utbygging i Gravdalen, vil villreinutvalet allereie no melda frå om at det vil bli reist erstatningskrav.

For villreinutvalet for Nordfjella

Lars Nesse (s)
-leiar-

Harald Skjerdal (s)
-sekretær-

Vedlegg: Kartutskrifter frå NINA sitt merkeprosjekt som viser dei merkte dyra sin bruk av området kring Gravdalen i månadene april, mai og juni i 2007-2008, og i april 2009.

Kopi til: Lærdal kommune, P.b. 83, 6886 Lærdal
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernadv., 6863 Leikanger
Sogn og Fjordane fylkeskommune, 6863 Leikanger
Nordfjella villreinnemnd, v/Aurland Naturverkstad, P.b. 27, 5741 Aurland
Statskog SF, Serviceboks 1016, 7809 Namsos
DN, Tungasletta 2, 7485 Trondheim
Miljøverndepartementet, P.b. 8013 Dep., 0030 Oslo
Villreinrådet, v/Jan Hageland, 2881 Aust-Torpa

Villreinutvalet for Nordfjella
Leiar Lars Nesse
6888 Borgund
Tlf: 57 66 81 11/90679263
larsnesse@alb.no